

**Fra:** Stine Emilie Konradsen (Stine.Konradsen@austevoll.kommune.no)

**Sendt:** 08.02.2018 14:00:15

**Til:** Hordaland Fylkeskommune - Postmottak

**Kopi:** John Tveit

**Emne:** Rapportering av den kulturelle spaserstokken 2017

**Vedlegg:** image001.png

**Rapportering av den kulturelle spaserstokken 2017**

Austevoll kommune har i samarbeid med frivilligheita i kommunen og lokale eldsjeler nytta tilskotet frå den kulturelle spaserstokken. Alle tiltaka blei gjennomført innan fristen i 2017 og har vore til stor glede for bebuarane på PO-senteret og eldre elles i kommunen. For å skape eit breiare og meir heilskapleg tilbod til dei eldre vart tiltaka supplert med økonomisk støtte frå kommunen i tillegg til innsats frå frivilligheita og privat næringsliv (Aleris). Denne samarbeidsmodellen med innsats frå frivilligheita, lokalt næringsliv og Austevoll kommune, samt verdifull medfinansiering frå Hordaland fylkeskommune, vert å betrakte som ein god og effektiv modell som bidreg til aktivitet, engasjement, eigarskap og sist- og viktigast – eit betre tilbod til eldre i kommunen.

Austevoll kommune vert stadig meir engasjert i ein sånn modell, og i kalenderåret 2018 vert den kommunale innsatsen auka - både når det gjeld arbeidsinnsats, fleire aktivitetar og økonomisk støtte. I tillegg får samarbeid i denne modellen i 2018 eit ekstra fokus på folkehelse som ein tilleggsdimensjon, inn i kultursatsinga for eldre i kommunen.

Fylkeskommunalt- og kommunalt tilskot blei fordelt på fylgjande tiltak:

Musikkstund på PO-senteret	15 000
Kulturelle seniorettreff på PO-senteret	15 000
Seniordansen	15 000
Kulturformidling til eldre	15 000
<b>Totalt</b>	<b>60 000</b>

Med helsing

**Stine Emilie Konradsen**

Folkehelsekoordinator



E-post : [stine.emilie.konradsen@austevoll.kommune.no](mailto:stine.emilie.konradsen@austevoll.kommune.no)

Telefon: 55 08 11 16

Mobil : 97 07 51 15

*Eg gjer merksam på at dette ikkje er ei privat e-postadresse; både inngåande og utgåande e-post vert vurdert for journalføring i kommunen sitt sak- og arkivsystem.*